



Reglement for ungdomsrådet i Time kommune

Vedtatt av kommunestyret 18.06.2019, endra av kommunestyret 15.12.2020, sist endra av kommunestyret 20.06.23, sak 050/23.

1. Formål

Time ungdomsråd sitt formål er gjennom medverknad å:

- gje unge større påverknad på utviklinga av kommunen
- setja saker som er viktige for barn og unge på dagsorden.
- vera eit debattforum for ungdom.
- auka samfunnsengasjementet sjå ungdom .

2. Samansetning

Time ungdomsråd er satt saman av elleve faste representantar og ti vararepresentantar i alderen 13-20 år. Målet er at ungdomsrådet skal ha ei jamn aldersfordeling, representera ulike delar av kommune og ha ein god kjønnsbalanse.

Ungdomsrådet er satt saman på denne måten:

- 1 representant og 1 vararepresentant valt frå Lye ungdomskule
- 1 representant og 1 vararepresentant valt frå Frøyland ungdomskule
- 1 representant og 1 vararepresentant valt frå Vardheia ungdomsskule
- 2 representantar og 2 vararepresentant valt frå Bryne ungdomsskule
- 4 representantar og 3 vararepresentant valt frå Bryne vidaregåande skule
- 2 fri representant og 2 vararepresentant som representerar ungdom som ikkje går på ein offentleg skule i Time kommune

3. Val

Vala vert gjennomført kvart oddetalsår innan 1. oktober.

For å vera valbar til ungdomsrådet må personen vera busett i Time kommune og under 19 år ved tidspunkt for valet. Dersom ein valt representant flyttar ut av kommunen mister vedkomande plassen i elevrådet og vararepresentanten rykkar opp. Varaplassen skal då supplerast. Alle representantar er valte for to år.

Elevråda har ansvar for å velja sin(e) representant(ar) til Ungdomsrådet. Det er krav om skriftlig val blant elevrådets representantar.

Frie representantar vert oppnemnt av direkte av kommunestyret. For å vera valbar til denne posisjonen kan vedkomande ikkje gå på ein offentleg skule i Time kommune. Kommunen vil oppmoda aktuelle ungdom til å senda motivasjonsbrev til kommunen der dei stillar seg til disposisjon.

Endeleg oppnemning av ungdomsrådet skjer av kommunestyret i samsvar med kommunelova § 5-12.

4. Konstituering

Konstituering skal skje innan 1. november. I dette møtet vert leiar og nestleiar av ungdomsrådet valt blant dei faste representantane for eitt år om gongen.

Ungdomsrådet kan opprette arbeidsutval og arbeidsgrupper etter eige ønske.

5. Oppgåver og funksjon

Ungdomsrådet skal ha moglegheit til å uttala seg:

- i saker som skal til politisk behandling og handlar om barn og unge eller har konsekvensar for desse.
- i saker som gjeld kommunen sitt allmenne tenestetilbod.
- til rådmannen sitt forslag til Timeplan (økonomiplan).

I tillegg har ungdomsrådet desse funksjonane:

- Vera eit rådgjevande organ for kommunen i saker som handlar om levevilkåra for barn og unge
- Time ungdomsråd kan sjølv ta initiativ til saker som gjeld barn og unge
- Driva informasjonsarbeid om Time ungdomsråd sitt arbeid og unge sin moglegheit til å påverka
- Leiar av ungdomsrådet kan be om ordet i starten av kommunestyremøte. Taletid vert sett i samråd med ordførar.
- Organisera valet av representant til ungdommens fylkesting.
- Skal skriva ei årsmelding om arbeidet sitt som vert sendt kommunestyret til orientering.

6. Møter

Ungdomsrådet skal normalt gjennomføra seks møter i året som vert samkøyrte med møta i dei andre utvala. Time ungdomsråd kan sjølv bestemma eventuelt fleire møter ved behov. Det blir sett opp møteplan for året saman med sekretariatet.

Det skal lagast møteinnkallingar og møteprotokoll frå kvart møte etter same reglane som gjelder for andre politiske organ i Time kommune.

Dagsorden vert bestemt av leiar og nestleiar av ungdomsrådet, i samråd med rådsekretær.

Innkalling og saksdokument blir sendt medlemmer og varamedlemmar seinast sju dagar før møtedagen.

Ungdomsrådet sine medlemmer plikter å delta i møter, med mindre det føreligg gyldig forfall. Ved eventuelle forfall skal representanten melde frå til politisk sekretariat, som kallar inn varamedlem.

Ungdomsrådet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er tilstade under drøftingane og avgir stemme. Vedtak blir gjort med alminneleg fleirtal. Ved eventuell stemmelikheit avgjer leiaren sin stemme.

Time kommune ordnar passande møterom og bevertning.

Møta er opne for publikum.

7. Sekretariat for ungdomsrådet

Sekretariatsfunksjonen for rådet er lagt til politisk sekretariat i kommunen saman med den eller dei som rådmannen peikar ut som rådets kontaktperson. Dette sekretariatet har ansvar for å senda ut møteinnkalling, skrive referat og arkivere post til rådet.

Rådssekretær skal:

- vera rådet sin kontaktperson i kommunen.
- rettleia rådet i sitt arbeid og informere om saker som kan vera av interesse.
- sikre at elevråda vel representantar til ungdomsrådet og søka å få personar til å stilla seg til disposisjon som frie representantar.
- ha ansvar for opplæring av rådsmedlemmer.

Rådets kontaktperson møter i ungdomsråda sine møter med talerett.

8. Deltaking frå administrasjonen

I større saker skal saksbehandlar delta og presentera saka munnleg.

Når rådmannen sitt forslag til Timeplan ligg føre, skal rådmannen presentera dette for ungdomsrådet.

9. Økonomi

Ungdomsrådet har ikkje eige budsjett. Utgiftsdekning til opplæring og møteverksemd blir dekkja på same måte og etter same reglar som andre råd og utval.

Leiar får eit møtehonorar tilsvarande kr 500 per møte. Representantane får eit møtehonorar tilsvarande kr 300 per møte. Reelle reisekostnader vert refundert.

10. Endring i reglementet og uregulerte forhold

Endringar i dette reglementet skal vedtas av kommunestyret etter uttale frå ungdomsrådet.

Ved situasjonar som ikkje er regulert av dette reglementet skal reglementet for Time kommunestyre konsulterast elles så gjeld ordinær praksis i folkevalte organ i kommunen.